

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

**STAD:** Stord DPS  
**MØTETIDSPUNKT:** 27.10.16 kl. 09.00 – 12.00

**Styremøte var oppe for publikum og presse**

---

### DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Solfrid Borge	Medlem
Liv Kari Eskeland	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Nina Budal	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Helge Espelid	Medlem

### DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Margareth Langebro	Kommunikasjonssjef
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef

**SAKLISTE**

Sak	057/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak	058/16	Godkjenning av protokoll 23.09.16
Sak	059/16	Administrerende direktør si orientering
Sak	060/16	Rapport frå verksemda
Sak	061/16	Prosjekt Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonale helse- og sjukehusplan (2016-2019)
Sak	062/16	Sal av tomt på Stord
Sak	063/16	Valstyre Helse Fonna

**UNDERLAG**

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

## Saker til orientering:

Sak	064/16	Forskningsaktivitet i Helse Fonna	Vedlagt
Sak	065/16	Norsk pasientskadeerstatning 2015	Vedlagt
Sak	066/16	Sjukefråvær i Helse Fonna. Utvikling og tiltak	Vedlagt
Sak	067/16	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt

**Sak 057/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden ble godkjent

**Sak 058/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte 23.09.16****Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 23.09.16

**Sak 059/16 Administrerende direktør si orientering****1. Rapportering tilsynssaker**

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

**2. Oversikt over aktuelle høyringa**

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

**3. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

**4. Status budsjettprosess**

Administrerende direktør orienterte om pågåande budsjettprosess som gjennomførast med involvering av tillitsvalde og verneteneste. Det er utfordringar knytt til ein differanse mellom kostnadsvekst på 2,9% og inntektsvekst på 2,6% samt medikament og IKT kostnader, som gir ei utfordring til omstilling på om lag 50 millionar kroner.

#### **5. Korridorpasientar**

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

#### **6. HMS- rapport Patologi**

Administrerende direktør orienterte om HMS-rapport patologi og informerte om planlagde tiltak på kort og lang sikt. Styret diskuterte rapportens innhald, tiltak og bad administrasjonen komme tilbake med orientering om oppfølging av tiltak våren 2017.

#### **7. Status bygg Haugesund**

Prosjektdirektør Bygg 2020 Laila Nemeth orienterte . Presentasjonen omhandla planer for etablering av patologicieining i første byggetrinn. Forprosjektet Bygg2020 og framdriftsplanen er i rute og bruk av timer og kostnader følger oppsett plan.

#### **8. Pasientreiser utan rekvisisjon**

Administrerende direktør viste til vedlagt notat.

#### **9. Evaluering av ferieavvikling**

Administrerende direktør informerte om tiltak som har medverka til ei tilfredstillande ferieavvikling og om tilbakemeldingar frå klinikkane/områder, tillitsvalde og verneombod. Administrerende direktør orienterte om status på melding frå tillitsvalde på Stord som blei sendt til Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen har ikkje reist tilsyn som følgje av meldinga. Saka blir gjennomgått og blir sendt Fylkesmannen, tillitsvalde samt presentert for styret i desember 2016.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tek meldingane til orientering og ber administrerende direktør orientere om oppfølging av HMS-rapport Patologi våren 2017.

### **Sak 060/16 Rapport frå verksemda**

#### **Oppsummering**

Akkumulert er det økonomiske korrigerede resultatet på 23,2 millionar kroner mot budsjettet overskot på 30 millionar kroner. Dette gir eit negativt budsjettavvik på 6,8 millionar kroner.

Prognosen frå førre månad blir opprettheldt på 30 millionar kroner.

Inntektene totalt denne månaden viser eit positivt avvik på 5,3 millionar kroner.

Rekneskapet for månaden syner at kostnadane til kjøp av varer og tenester gjev eit samla budsjettmessig negativt avvik på 3,1 millionar kroner.

Personalkostnadane inkludert innleie av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 3,8 millionar kroner. Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit positivt avvik på 3,3 millionar kroner.

Pr september månad synar rekneskapen at det er gjennomført investeringar for totalt 61,4 millionar kroner. Det utgjer 59 % av det samla budsjettet for 2016.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 515,2 millionar kroner, noko som er ei forverring på 33,4 millionar kroner i forhold til august månad.

Behandlingsaktivitet og kvalitet, somatikk

Tal DRG poeng og polikliniske konsultasjonar er høgare enn plan. Sjukehusopphald og tal dagbehandling er noko lågare enn plan.

### **Ventetid**

Talet på fristbrot er på veg ned. Det var 26 ventande pasientar (0 prosent) som hadde fristbrot i perioden. Så godt som alle fristbrota er i somatikken.

Ventetida for alle behandla pasientar var i perioden 62 dagar, noko som er innanfor målkravet på 65 dagar.

### **Epikrisetid**

77 prosent av epikrisene blei sendt innan fristen.

### **Korridorpasientar**

Talet på korridorpasientar er ikkje innanfor målkravet men er det lågaste talet så langt i år. 168 av 7626 pasientdøgn var på korridor i perioden (2,2 prosent)

Det var i perioden 88 liggedøgn for utskrivningsklare pasientar i føretaket.

### **Behandlingsaktivitet og kvalitet, psykisk helsevern**

Tal døgnbehandling og polikliniske konsultasjonar for vaksenpsykiatri (VOP) er lågare enn plan. Innan BUP er polikliniske konsultasjonar og lågare enn plan.

### **Sjukefråvær**

Sjukefråværet i september var 6,6 prosent.

### **HMS**

I september 2016 blei det meldt 206 saker i forbedringssystemet Synergi - 275 saker i august. Per september er 41,2 % av sakene pasientretta og 9,7 % HMS/ tilsettskader.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning

### **Sak 061/16 Prosjekt Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019)**

### **Oppsummering**

Prosjektet Stord og Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019) blei starta opp i mars 2016. Prosjekteigar har vore Helse Vest RHF og Helse Fonna HF.

Prosjektet hadde i oppdrag å bygge på omtalen av lokalsjukehusa og deira rolla i Nasjonal helse- og sjukehusplan, og medverke til å utvikle eit framtidssretta og trygt tenestetilbod ved Odda og Stord sjukehus. Stortingets vedtak i behandlinga av sjukehusplanen og etterfølgjande føringar i føretaksmøtet blei lagt til grunn for prosjektet.

Prosjekt Stord og Odda sjukehus blei organisert med to prosjektgrupper - éi for Stord sjukehus og éi for Odda sjukehus, med felles mandat. Prosjektgruppene har hatt representantar frå kommunar, Helse Fonna HF, Helse Vest RHF, vernetenesta, tillitsvalde og brukarar.

I mai 2016 bestemte prosjekteigarane at prosjektet for Odda sjukehus fekk utvida mandat og forlenga prosjektperiode.

Rapporten er drøfta med dei tillitsvalde 18.10.16. Det var ingen protokolltilførslar. Rapporten vil bli handsama i arbeidsmiljøutvalet 26.10.16.

Høringssvar frå Helse Bergen datert 26.10.16 «Høringssvar – prosjekt for Stord sjukehus» ble delt ut i møtet.

Styret diskuterte rapporten og påpeikte at kvalitet i behandlingstilbodet må vere førande for dei tilboda som blir gitt.

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF legg tilrådingane i rapporten til grunn for vidareutvikling av eit gjensidig samarbeid mellom sjukehusa i Helse Fonna, der sjukehusa fungerer i eit forpliktande nettverk
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør følgje opp tilrådingane i rapporten og rapportere på tiltak og gjennomføring
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør sende vedtaket til Helse Vest RHF
4. Styret ber administrerande direktør ta omsyn til dei innspel som framkom i styremøtet og ivareta dei i prosjektdirektivet.

### **Sak 062/16 Sal av tomt på Stord**

#### **Oppsummering**

Helse Fonna HF ønskjer å selje tomt i Pilehagen på Stord. Tomta er utskild frå hovudeigedomen til Stord sjukehus gnr. 27, bnr. 86.

I vedlagte skriv frå Stord kommune kjem det fram at eigedomen og naboeigedomane vart oppmålt og gitt dispensasjon frå reguleringa i 1997. Dispensasjonen er utgått og ein har søkt og på ny fått godkjent dispensasjon frå føremålet, slik at tomta kan nyttast til bustadføremål.

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF tilrår sal av tomt Gnr. 27, Bnr<sup>1</sup>, Pilehagen, i Stord kommune
2. Saka sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.

### **Sak 063/16 Valstyre Helse Fonna**

#### **Oppsummering**

Styret i Helse Fonna HF skal ha ti medlem. Seks medlem blir oppnemnd av føretaksmøtet. Føretaksmøtet utpeikar leiar og nestleiar.

I tillegg skal dei tilsette velje fire styremedlem med vara medlem jf. føretaksmøtet 20. februar 2014. Med utgangspunkt i dei partsforhold som gjelde, skal styremedlemene som er vald av og blant dei tilsette ikkje delta i behandling av saker som gjeld arbeidsgjevar si førebuing av forhandlingar, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseing av tariffavtaler.

Valstyret sin funksjonsperiode er fram til valet i 2017 er gjennomført og godkjend. Leiarvervet er på omgang, og det er arbeidstakarorganisasjonane som skal ha leiarvervet for dette valstyret.

### **Vedtak [samrøystes]**

Valstyret for Helse Fonna HF for valet i 2017 skal ha følgjande medlemmer:

1. Laura Lill Haavik, leiar
2. Ole Petter Espeland, nestleiar
3. Ida Sofie Helgesen, medlem

### **Sak 064/16 Forskingsaktivitet i Helse Fonna**

#### **Oppsummering**

Forskning er ei lovpålagt oppgåve definert i Lov om spesialisthelsetjenesten. Helse Fonna HF har prioritert oppbygging av forskingskompetanse innan somatikk og psykisk helsevern. Helse Fonna legg til grunn den nasjonale strategien **HelseOmsorg21** i organisering og prioritering av forskingsprosjekt.

Ny forskingsstrategi for Helse Fonna (2016-2020) blei vedtatt i desember 2015. Ein handlingsplan for å følgje opp strategien er utarbeida.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret merker seg det gode arbeidet som er utført.  
Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering.

---

## **Sak 065/16 Norsk pasientskadeerstatning 2015**

### **Oppsummering**

NPE handsamar erstatningskrav frå pasientar som meiner dei er blitt påført skade i helsetenesta. Erstatningssummen vert fastsett etter allmenne erstatningsrettslege reglar. Erstatningsutmålinga er individuell, og skal først og fremst dekke direkte tap eller utgifter ein har fått som følgje av skaden. Dersom skaden er varig og omfattande, kan ein i tillegg ha rett til meinerstatning. Føretaka har plikt til å informere pasientar og pårørande om høvet til å søkje erstatning i NPE.

Talet på nye saker frå Helse Fonna har vore nokså stabilt dei fem siste åra. Helse Fonna skil seg ikkje ut med omsyn til kva pasientgrupper/fagområde som hyppigast får medhald (ortopedi, svulstar og kreftsjukdommar, fødselshjelp og kvinnesjukdommar, mage/tarmkirurgi). Det er viktig å lære av NPE-sakene. Sakene vert utgreia og handsama internt i linja og blir drøfta i kvalitetsutvalet. Klinikane brukar NPE-sakene aktivt i sitt kvalitetsforbetringsarbeid. Materiale frå NPE vert også nytta i det regionale Pasientsikkerheitsprogrammet.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

## **Sak 066/16 Sjukefråvær i Helse Fonna Utvikling og tiltak**

### **Oppsummering**

Administrerande direktør vil i saka orientere styret om det helsefremmande og sjukdomsførebyggjande arbeidet i føretaket. Å arbeide for ein helsefremmande arbeidsplass og lågt sjukefråvær er ein vesentleg strategi Helse Fonna for å vere ein framtidretta kompetanseorganisasjon. Det blir i saka lagt fram statistikk over utviklingstrekk, oversikt over status og tiltak som er gjennomført i respektive klinikkar og kva føretaket vil gjere vidare for å nå måla.

Helse Vest RHF har vedteke at styringsmålet for sjukemeldt fråvær i føretaksgruppa skal vera 4,5% eller lågare, medan styringsmålet for det samla sjukefråværet er sett til 5,5%.

Helse Fonna har underteikna ny IA avtale for perioden 2015 – 2018.

Harald Ersland, funksjonsleiar drift i Internservice Stord sjukehus, fortalte om arbeidet med å redusere sjukefråvær i si eining.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tek saka til orientering

Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør fortsette arbeidet med å redusere sjukefråværet.

### **Sak 067/16 Eventuelt**

#### **Skriv og meldingar**

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2016
2. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 04.05.16
3. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 20.06.16
4. Brev til Helse Vest datert 17.10.16 Oppfølging av internrevisjonsrapport «Innkjøp i Helse Vest» med vedlegg
5. Akkreditert sertifisering  
NS-EN ISO 14001:2004

#### **Følgjande skriv blei delt ut i møtet:**

Brev frå Helse Bergen datert 26.10.16 «Høringsvar – Prosjekt for Stord sjukehus»

#### **Skriv og meldingar blei tatt til etterretning**



Ref. Ingebjørg Kismul  
27.10.16

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Kjetil Andre Våge	Medlem
Helge Espelid	Medlem